

80 deltagarar i krevande sykkelrebus

08.05.2010



Til topps i sykkelrebusen: Karin Tungesvik, Tord Sæle og Kjartan Tungesvik.

Rundt rekna 80 unge og eldre i 22 grupper var med i sykkelrebusen som i dag vart avvikla rundt dalen femte året på rad.

Arrangementet, som er ein utfordring både for hovudet og kroppen, må dermed kunne registrerast som ein klassikar!



Familien Arnesen er godt i gang.

Det strålende veret sette ein ekstra spiss på rebusløpet, som fotballgruppa hadde ansvaret for dette året. Avviklinga gjekk smertefritt, men det kan ikkje stikkast under stol at rebusane var svært krevande dette året. Mellom anna vart det påpeika at ingen av dei 13 rebusane var vinkla inn mot dei yngste deltakarane.



Familien Taranger ved den første rebusen.

Fotballgruppeleiar Jostein Hauso kommenterer dei tildels problematiske rebusane med at rebusmakaren og han åleine hadde ansvaret for "nøttene" som var klekt ut. Og rebusmakar var Bjarte Døssland. Med andre ord låg det tung juridisk ekspertise til grunn for rebusane!

Det starta relativt lett med eit spørsmål om kva ordet snes står for, men snart skulle det bli mykje verre! Mange visste nok at rektor Vidar Haugland er fødd i 1945, men kor lang tid tar det eigentleg å sykla til månen? Rett svar er 2 år!

Ved Kapteinsgården var det forfriskningar å få, men mange fekk seg nok ein kalddusj då dei såg eit intrikat spørsmål frå gamaltida som også inngjekk i stoppen: Kven spydde på kven? Her var det ein klår fordel å vera ein ihuga Asterix-lesar!

Då alle 22 laga var inne viste det seg at Karin Tungesvik, Tord Sæle og Kjartan Tungesvik hadde vore dei tre skarpaste og svara rett på 11 av 12 spørsmål.

Det vart krus og klubbespel på vinnaren, klubbespel på andremannen og bocciaspel på tredjemannen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kø foran posten ved Kapteinsgården - med forfriskningar og vrint spørsmål.